

Sak	Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Dato utsendt på høyring	21.11.16
Høyringsfrist	9.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hib.no ; postmottak@hsh.no ; post@hisf.no
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>
Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 2	Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull?
Kap 3	<p>Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</p> <p>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</p> <p>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</p> <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</p> <p>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</p>
Kap 4	<p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</p> <p>Er prinsippa for smale eller for vide?</p>
Kap 5	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</p> <p>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering? Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege? Er det utval eller liknande som manglar?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering
Utsendar	Prosjektsekretariatet

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyringsinstans (svarar)	Seksjon for økonomi ved HiSF
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Eit seksjonsmøte vart nytta til å drøfte forslaga. Eit førsteutkast til høyringssvar vart sendt ut til dei tilsette i seksjonen og eit endeleg høyringssvar vart utarbeidd.
Innspel Bruk fleire sider om det trengs	
Kap 2	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
Kap 3	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov Seksjon for økonomi tilrår å kombinere dei to modellane. At profesjonsmodellen vert nytta frå nivå tre og nedover og kunnskapsområdemodellen vert nytta på nivå to. Profesjonsutdanningane er til dels stramt styrt av rammeplanar og rettar seg mot spesifikke profesjonar. Det vert difor viktig å ha klart fokus mot profesjonsutdanningane i organiseringa nær sjølve utdanningane. Samtidig er det ønskeleg å opne opp for fordelane med ein kunnskapsområdemodell, beskrive som meir nyskapande, tverrfagleg og tettare på eit arbeidsliv i endring. I tillegg vil truleg ein slik kombinasjon av modellane i større grad i vareta fagmiljø som ikkje er tydeleg profesjonsretta.
Kap 4	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
Kap 5	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov Seksjon for økonomi tilrår at toppleiinga skal ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar. Grunngevinga for dette er at spørsmål som angår heile organisasjonen må avgjerast på institusjonsnivå. Eit eksempel kan vera arbeidsvilkår for fagtilsette. Blir det opp til kvart enkelt fakultet å avgjera kor mange arbeidstimar som vert tildelt til oppgåver av nokolunde lik karakter, vil dette kunne medføre ulike arbeidsvilkår ved ein og same institusjon. Styret og rektor har eit stort ansvar i sjå til at institusjonen vert driven effektivt og at den samla økonomi- og formueforvaltninga skjer i samsvar med lover,

	<p>forskrifter og departementets bestemmelsar om økonomiforvaltning, jamfør Lov om universitet og høgskular. Eit slikt ansvar blir best ivreteke av personar med særleg fagleg kompetanse.</p> <p>Det er og viktig å sikre lik og gjennomgåande god kvalitet på dei administrative tenestene. Det gjer ein best ved å ha organisatorisk samlande fagmiljø for administrativt personale med jamleg opplæring for å sikre god kompetanse på korleis tenestene skal utførast. Økonomi, personal, studieadministrasjon osv er viktige fagområde som må holde god kvalitet for å fremje profesjonalitet i støtteapparatet til organisasjonen. Eit samlande organisatorisk fagmiljø, vil bidra til god kvalitet i administrative tenester med ein desentralisert administrasjon. Det er viktig å oppretthalde stadnære tenester i alle deler av administrasjonen for å få løyst oppgåvene nærast mogeleg der utfordringane er, og å oppretthalde og utvikle gode tenester på alle studiestader. Samla organisatorisk fagmiljø vil og gjere det meir fagleg interessant å arbeide i administrative stillingar uavhengig av studiestad.</p> <p>Vi tilrår at dekanstillingar blir knytt til studiestader for ein åremålsperiode og at desse varierer frå åremålsperiode til åremålsperiode. Ein dekans fokus og mogeleg utviklingskraft kan kome sterkare til uttrykk der dekanen har sin faste arbeidsstad. Det er difor viktig at ein dekan frå f.eks lærarutdanning ikkje har fast arbeidsstad i Bergen eller i Sogndal, men at arbeidsstad for dekan for lærarutdanning rullerer mellom studiestadene etter kvar åremålsperiode. Vi tilrår at dei to nærområda som ikkje har dekan for lærarutdanning, får kvar sin prodekan knytt til fakultet for lærarutdanning (her: eksempel på fakultet).</p> <p>Prodekan bør vera i direkte linje til dekan og ikkje spegle prorektorane sine ansvarsområde. Dette fordi prorektorane sine ansvarsområde bør ligge i linje, vera del av ansvarsområde til dekan. Prodekan bør vera heilt og fullt oppteken med å i støtte dekanen i sitt arbeid.</p>
Andre merknader	